



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Sarah Kvåle Skouen, 55 57 21 15

Magnus Johan Steinsvåg, 55 57 23 25

Oppmoding til kommunar om å søkje midlar til kommunedelplan for naturmangfald. Frist for å søkje er 01.02.2021

Kommunar som vil auke sin kunnskap om naturmangfald kan no søkje Miljødirektoratet om midlar til å utarbeide ein kommunedelplan for temaet.

Naturmangfald er premissgjevande for arealplanlegginga. Ein kommunedelplan (KDP) for naturmangfald vil hjelpe kommunen å få ein heilskapleg oversikt over naturmangfaldsverdiar og kan gi ei tettare kopling til kommuneplanen, særskilt arealdelen. Ein KDP har også ein handlingsdel som gir kommunen oversyn over viktige oppfølgingsoppgåver på naturmangfaldsområdet, og kan gjere det enklare å målrette oppgåvene og prioritere på kort og lang sikt. Ein slik tilnærming vil kunne vere eit viktig reiskap i arbeidet med FN's berekraftsmål og å stanse tap av biologisk mangfald.

Arealendringar er største årsak til tap av biologisk mangfald, både globalt og nasjonalt/lokalt. Dette kjem tydeleg fram av den internasjonale rapporten til FN's Naturpanel (IPBES) i 2019 som presenterte tilstanden til naturen på jorda. Over ein million artar står i fare for å bli utrydda, dei fleste av dei som følgje av at 75 % av landarealet er vesentleg endra av menneske. I Noreg viser Artsdatabanken si nasjonale raudliste frå 2015 mykje av det same. 90 % av våre truga artar er truga som følgje av arealendringar, der nedbygging av natur er den dominerande enkeltårsaka. Noreg har forplikta seg til FN sine berekraftsmål, som mellom anna seier at ein skal redusere øydelegging av habitat og stanse tap av biologisk mangfald. Tap av natur er ikkje berre noko som utspelar seg internasjonalt eller på overordna nivå, men i den enkelte kommune i form av korleis areala blir forvalta.

Kommunen må difor i framtida ha ein landskapsøkologisk tilnærming i arbeidet med naturmangfald – tenke funksjon for dei artane og den naturen som er viktig å ta vare på. Korridorar og samanhengar mellom leveområde, buffersoner rundt viktige naturtypar og artsrike område er døme på dette. Grøn infrastruktur er heilt naudsynt å ha med i kommunale planprosessar, og blir stadig meir aktuelt i møte med klimaendringane, der natur både kan bidra til klimagassreduksjon og klimatilpassing (naturbaserte løysingar for klimatilpassing). Kommunedelplanen samlar kunnskap om naturmangfaldsverdiar lokalt, regionalt og nasjonalt, og gir grunnlag for prioritering av



arealbruk. Erfaringar frå dei kommunane som har utarbeidd kommunedelplanar for naturmangfald, er at arbeidet gir viktig kunnskap og kompetanse lokalt.

Miljødirektoratet har nyleg lansert ei digital rettleiar til korleis kommunane kan lage kommunedelplanar for naturmangfald, og det er lagt inn i forslag til statsbudsjettet at tilskotsordninga til kommunane for utarbeiding av KDP for naturmangfald gjerast fast frå 2021. Søknadsfrist for i år er allereie **01.02.2021**, og kommunane kan søkje gjennom elektronisk søknadscenter (ESS) på sidene til Miljødirektoratet.

Rettleiaren finn de her: <https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/arter-og-naturtyper/kommunedelplaner-for-naturmangfold/>

Spørsmål kan rettast direkte til Statsforvalteren i Vestland ved Sarah Kvåle Skouen e-post saksk@statsforvalteren.no, eller Magnus Johan Steinsvåg e-post fmhomjs@statsforvalteren.no. Sjå òg oppslag på vår nettside.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Sarah Kvåle Skouen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Mottakerliste:

Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Osterøy kommune	Rådhuset	5282	LONEVÅG
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ



Høyanger kommune	Postboks 159	6991 HØYANGER
Kinn kommune	postboks 294	6701 MÅLØY
Luster kommune	Postboks 77	6866 GAUPNE
Sveio kommune	Postboks 40	5559 SVEIO